

# MOBBEOMBODET I M&R

September 2020 – For barnehage- og skuleeigarar og barnehagemyndigheit – Møre og Romsdal

## Fast ordning

Fylkestinget vedtok i april 2020 å gjere ordninga med mobbeombod for barnehagebarn og grunnskuleelevar til ei fast ordning. Kristin Øksenvåg er mobbeombod i Møre og Romsdal.



Foto: Einar Engdal

## Evaluering

Evalueringa av ordninga med fylkesvise mobbeombod (juli 2020) viser at ordninga sørgjer for at fleire barn får det trygt og godt i barnehagen og i skulen. Men ordninga er for lite kjent. Tilsette i skulesektoren kjenner til ordninga og kva ombodet kan brukast til i større grad enn barnehagesektor. Foreldre og elevar har generelt for liten kunnskap om ordninga og kva ombodet kan hjelpe dei med. Det må vi gjere noko med!

**Hjelp mobbe-ombodet med å gjere ordninga kjent i din kommune!**

## Kva gjer mobbeombodet?

### Støtte og rettleiing

Mobbeombodet er fyrst og fremst ei støtte- og rettleiingsordning for barn, elevar og foreldre som står i vanskelege situasjonar knytt til barnehage- og skulemiljø.



Foto: Einar Engdal

Mobbeombodet er også tilgjengeleg for andre som har behov for å drøfte saker anonymt med mobbeombodet, som tilsette og leiarar i barnehage og skule, barnehage- og skuleeigarar, PPT, skulehelsetenesta, ulike ressursgrupper etc. Mobbeombodet er uavhengig av andre instansar og har teieplikt.

### Arbeide førebyggjande og bidra til erfaringsdeling

Mobbeombodet skal også jobbe førebyggjande med informasjon og opplæring til barn, unge, foreldre. Mobbeombodet skal bidra med informasjon, opplæring og erfaringsdeling, samt vere i dialog med kommunane og bidra i arbeidet med å fremje trygge og gode miljø i barnehagar og skular.

Lyst til å lese heile evalueringsrapporten om ordninga med fylkesvise mobbeombod?

Du finn den her:

<https://www.oslomet.no/forskning/forskningsprosjekter/evaluering-fylkesvise-mobbeombud>



## Kva kan barnehage- og skuleeigar bruke mobbeombodet til?

Mobbeombodet ønskjer eit tett og godt samarbeidet med kommunane i Møre og Romsdal.

Ombodet kan mellom anna:

- svare på spørsmål om psykososialt miljø og mobbing i barnehage og skule
- svare på spørsmål om barn og unge sine rettar knytt til barnehage- og skulemiljø
- vere ein drøftingspartnar og nokon «å tenkje høgt med»
- bidra med fagkunnskap i møte, planarbeid, planleggingsdagar, leiarsamlingar, politiske møte, kompetansehevingstiltak, konferansar etc.



Sjå nettsida til mobbeombodet for meir informasjon om kva mobbeombodet kan hjelpe barn, unge, foreldre og tilsette i barnehage og skule med: <https://mrfylke.no/mobbeombodet>

# Ombodsarbeid i koronatider

Det er **viktig** for mobbeombodet i Møre og Romsdal å møte barn, unge, foreldre og tilsette på alle nivå ute i kommunane.

Det siste halve året har vist at det går an ha god dialog på digitale møteplassar.

Men, det er ikkje alltid digitale møte kan erstatte fysiske møte og samhandling *face-to-face*. Derfor ønskjer mobbeombodet framleis å reise ut og besøke barnehagar, skular, eigarar og andre samarbeidspartar der det er mogleg. For å sikre ei trygg gjennomføring av møte i tråd med smittevernreglane, følgjer vi desse rutinare:

## For ombodet

- Eigenvurdering av helsetilstand for ombodet – om ombodet kjenner seg sjuk, sjølv ved milde symptom på luftvegssjukdom skal ombodet halde seg heime
- *Plan B*: Om ombodet ikkje kan stille, flyttast møtet over på ein digital plattform om mogleg. Alternativt blir møtet utsett eller avlyst
- Ombodet har med eigen antibac og prøver å halde 2 meters avstand til andre under møte
- Ombodet unngår så langt det er mogleg å reise med kollektivtransport
- Ombodet nyttar eigen PC og anna utstyr under møte

## Krav til arrangør:

- Orienterer ombodet kort i forkant av arrangementet korleis dei tek i vare smittevernreglane.
- Ha tilgjengeleg utstyr for presentasjon (lyd/bilete) som enkelt kan koplast til ombodet sin PC.
- Ha ein plan B; korleis organisere møtet om det må flyttast til digital plattform.

Gjennom å følge desse rutinare håper vi på eit innhaldsrikt og lærerikt år med gode møte!



## Rapportering

Mobbeombodet rapporterer årleg til fylkestinget, men treng å nå ut til kommunane.

Fordi mobbeombodet er ombod for barn og

unge i kommunale verksemder som barnehagar og grunnskular, er det ønskeleg å leggje fram og dele tilrådingane i årsrapporten med kommunane, både politisk og administrativt nivå.

Til dømes kan dette gjennomførast fysisk eller digitalt som:

- Innlegg og felles drøfting på kommunestyremøte eller i oppvekstutval
- Orienteringssak i kommunestyremøte
- Innlegg og felles drøfting på rektor-/styrarmøte

Kom gjerne med forslag og ta kontakt! Rapporten blir lagt fram for fylkestinget 12. oktober 2020.



Mobbeombodet legg fram årsrapport 2018/19 for fylkestinget i desember 2019.

## Fokusområde 2020/2021

Mobbeombodet skal vere oppdatert og arbeide med alle aspekt når det gjeld barn og elevar sine rettar til eit trygt og godt psykososialt miljø. Ombodet valt å ha eit særskilt fokus på desse områda:

- *Ny barnehagelov om psykososialt barnehagemiljø*
- *Å skape tilhøyrse gjennom læring, leik og utvikling i samspel og fellesskap med andre - forankring av verdigrunnlaget i fagfornyninga og rammeplanen*
- *Systemperspektiv i førebygging og handtering av mobbing*
- *Samarbeid og dialog heim – barnehage og skule*
- *Varetaking av barnekonvensjonen i handtering av barnehage- og skulemiljøssaker*

## Ta kontakt!

☎ 712 80 433 / 911 40 259

✉ [mobbeombodet@mr fylke.no](mailto:mobbeombodet@mr fylke.no)

🏠 [mrfylke.no/mobbeombodet](http://mrfylke.no/mobbeombodet)

📘 @mobbeombodetmr

